



Ung i Kor - Vest
Georgernes Verft 12
5011 BERGEN

Dato: 06.07.2015
Vår ref.: 2015/898-124
Saksbehandlar: maraskv
Dykkar ref.:

Driftsstønad til barne- og ungdomsorganisasjonar 2015 - Underretning om tildeling

Det vert vist til søknad med frist 01. april 2015 om tilskot til drift av dykkar organisasjon. Hordaland fylkeskommune, Kultur- og ressursutvalet, handsama søknaden dykkar på møte den 02. juni i år, sak 13/2015. Det vart vedteke å tildele dykk **kr 56.112,-** i driftstilskot for 2015.

Tilsegnsmottakar har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende.

Grunngjeving

Ved tildelinga i 2015 var det 35 organisasjonar som søkte, der seks organisasjonar ikkje er innstilt på støtte.

Grunntilskot	20%	311 800	10 752 pr. organisasjon
Medlemstilskot	30%	467 700	28 664 tal på medlemmer totalt
Fritt tilskot	50%	779 500	

Det var kr 1 559 000,- til fordeling.

Ved vurderinga av dykkar søknad har Kultur- og ressursutvalet lagt til grunn dykkar framstilling i søknaden. Kultur- og ressursutvalet fann at vilkåra for å tildela driftstilskott er stetta, og at det etter ei samla vurdering er grunnlag for å tildela tilskot.

Føresetnader for tilskotet

Tildelinga byggjer på følgjande føresetnader:

- At opplysningane i søknaden er korrekte og gir eit dekkjande bilde av verksemda.
- At det ikkje finn stad vesentlege endringar i drifta i tildelingsperioden
- At tilsegnsmottakar rapporterer og medverker til eventuell kontroll i samsvar med retningslinene.
- At tilsegnsmottakar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følgje.
- Gjennom aktiviteter, informasjonsmateriale m.m. skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskottsgjevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/logo>

For nærare informasjon og grunngjeving vert det vist til vedlagt saksframlegg og Kultur- og ressursutvalet sitt vedtak.

Utbetaling:

Krav om elektronisk faktura i EHF-format frå 1. januar 2015

Vi viser til krav som går fram av den reviderte forskrifta om IT-standard i offentlig forvaltning som regjeringa har vedtatt. Leverandørar til kommunar og fylkeskommunar vert pålagde å sende elektronisk faktura og kreditnota på standardformatet EHF frå 1. januar 2015.

Tilskotsmottakar vert i denne samanheng definert som Leverandør, då dette er ei utbetaling.

For utbetaling av tilskot, må de sende ein elektronisk faktura (EHF) til Hordaland fylkeskommune. Dette kan gjerast på to måtar:

For tilskotsmottakarar med eige fakturasystem, opprett ein EHF-faktura i og merk fakturaen med *saksnummer* og *fakturanummer*.

For tilskotsmottakarar utan eige fakturasystem, men med organisasjonsnummer, opprett ein brukar og send EHF-faktura via fakturaportalen Basware supplier Portal (gratis)

Ved bruk av portal skal *saksnummeret* brukast som fakturanummer, og *ressursnummer* skal fyllast ut i feltet *Kjøpars referanse*

Link til fakturaportal <https://bsp.basware.com/SupplierPortal/login.aspx>

Link til brukarretteiing <http://www.hordaland.no/PageFiles/54618/Brukarretteiing%20til%20fakturaportal.pdf>

Saksnummer: 2015/889-124

Ressursnummer: 400009

Beløp: kr 56.112,-

Rapportering og kontroll

Søkjjar skal rapportere til fylkeskommunen. Rapporten skal innehalde årsmelding og årsrekneskap for tildelingsåret. Søkjjar skal sjølv varsle fylkeskommunen dersom det oppstår vesentlege endringar som kan ha verknad for tildelinga.

Fylkeskommunen kan ta stikkprøvekontrollar av dei oppgjevne medlemstala og elles setje i verk kontroll dersom fylkeskommunen finn grunn for dette. Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad og på slik måte som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn.

Brot på vilkåra

Dersom det er gitt urette opplysningar i søknaden eller det ligg føre brot på retningsliner og føresetnadar for tildelinga kan vedtaket om tilsegn verte gjort om heilt eller delvis. Pengane kan i så tilfelle krevjast ført attende heilt eller delvis.

Klage

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at de etter forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Marianne Ose Askvik
sakshandsamar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.